

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2025/694-26

Saksbehandlar

Sara Brattfjell Heggland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2026/15	Formannskapet	05.03.2026
2026/13	Plan teknikk og miljøutvalet	10.03.2026
2026/17	Kommunestyret	19.03.2026

Fastsetting av planprogram - Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2026 - 2033

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunestyret i Kvinnherad kommune fastset planprogram for Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2026-2033 jf. plan- og bygningslova § 11-12.

Formannskapet si behandling i møte den 05.03.2026:

BEHANDLING:

Innstilling frå Plan, teknikk og miljøutvalet: Kommunestyret i Kvinnherad kommune fastset planprogram for Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2026-2033 jf. plan- og bygningslova § 11-12.

RØYSTING:

Samrøystes for innstilling til kommunestyret.

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret i Kvinnherad kommune fastset planprogram for Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2026-2033 jf. plan- og bygningslova § 11-12.

Plan teknikk og miljøutvalet si behandling i møte den 10.03.2026:

BEHANDLING:

Formannskapet si innstilling vart einstemmig vedteke.

INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret i Kvinnherad kommune fastset planprogram for Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2026-2033 jf. plan- og bygningslova § 11-12.

Kommunestyret si behandling i møte den 19.03.2026:

BEHANDLING:

Innstillinga frå Plan, teknikk og miljøutvalet vart einstemmig vedteke.

VEDTAK:

Kommunestyret i Kvinnherad kommune fastset planprogram for Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2026-2033 jf. plan- og bygningslova § 11-12.

Vedlegg:

- 1 Planprogram (30.01.2026)
- 2 Merknadsskjema (12.01.2026)
- 3 Merknad - Norges- vassdrag og energidirektorat (16.12.2025)
- 4 Merknad - Espeland (12.12.2025)
- 5 Merknad - Vestland fylkeskommune (12.12.2025)
- 6 Merknad - Mattilsynet (11.12.2025)
- 7 Merknad - Sydnesøy velforening (02.12.2025)
- 8 Merknad - Statsforvaltaren i Vestland (17.11.2025)
- 9 Merknad - Fiskeridirektoratet (05.11.2025)

Saksopplysningar:

Forslagsstillar: Kvinnherad kommune (Eining for Vatn og Avløp)

Samandrag/Saka gjeld:

Saka gjeld fastsetting av forslag til planprogram for kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2026-2033. Planarbeidet er forankra i gjeldande planstrategi for Kvinnherad kommune 2024-2028. Kommuneplanen skal rullerast med føremål om å implementere nye krav i EU-direktiv, og vurdere nye tiltak i planperioden. Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2026-2033 utløyer krav om planprogram jf. pbl § 4-1, og planprogrammet har vore på høyring og offentleg ettersyn saman med varsel om oppstart av planarbeid 27.10.2025-17.12.2025 jf. pbl § 11-13. Planprogrammet har som føremål å setje rammar for det vidare planarbeidet.

Saksutgreiing:

Føremål

Kommunedelplan for vassforsyning og avløp skal rullerast med føremål om å sikre at planen er oppdatert i henhald til nye krav. Det inneber oppfølging av revidert nytt avløpsdirektiv frå EU (2024/3019) med nye krav til reinsing av avløpsvatn. Ved rullering av kommunedelplanen er det vesentleg at ein sikrar at nye tiltak vert i samsvar med krava i revidert EU-direktiv, slik at anlegg ikkje vert utdatert. Endring av drikkevassforskrifta skal vidare følgje opp EU-direktivet.

Kommunedelplanen skal omfatte oversikt over prioriterte tiltak i planperioden 2026-2033, og vidare investeringsbehov i forhold til dette. Planarbeidet er tematisk avgrensa for å gjelde vassforsyning og avløp.

Historikk

14.10.2025 – Oppstart av planarbeid med planprogram i Plan-, teknikk- og miljøutvalet

27.10.2025 – Varsel om oppstart

05.11.2025 Informasjonsmøte

27.10-17-12.2025 – Høyring og offentlig ettersyn av planprogram

17.12.2025 – Frist for innspel til varsel om oppstart og merknad til planprogram

Om planprogrammet

Planprosess

Planprogrammet vart behandla i Plan-, teknikk og miljøutvalet (PTM) vedtok 14.10.2025 oppstart av planarbeid med høyring og offentlig ettersyn av planprogram. Etter høyring og offentlig ettersyn er merknadar handsama, og planprogrammet er revidert.

Medverknad

Planprogram vart sendt på høyring og offentlig ettersyn ved varsel om oppstart av planarbeidet. I høyringsfasen kom det inn 5 offentlege merknadar og 2 private. Merknader er vedlagt saka (vedlegg 3-9), og vidare vurdert i merknadsskjema (vedlegg 2). I merkandsahandsaminga er det tatt omsyn til merknader som gjeld revisjon av planprogrammet. Merknadar må vidare handsamast i forhold til oppfølging i planforslaget.

Hovudtema for merknadar frå offentlege mynde klimatilpassing, vassforvaltning, konsekvensutgreiing, visuell kartpresentasjon, miljøtilstand, tilknytningsplikt for hytter, oppfølging av spreidd avløp og avløpsanlegg og tilstand for avløpsanlegg.

Eining for Vatn og Avløp arrangerte vidare informasjonsmøte 05.11.2025 om oppstart av planarbeidet.

Endringar etter høyring og offentlig ettersyn

Følgjande er revidert i planprogrammet (vedlegg 1) etter høyring og offentlig ettersyn i samsvar med merknadsskjema (vedlegg 2).

Framdriftsplan er revidert i samsvar med møteplan for 2026.

I planprosessen er det vurdert at plansaka bør handsamast i formannskapet. Grunngevinga er at kommunedelplanen medfører økonomiske konsekvensar for Kvinnherad kommune. Planprogrammet er revidert i henhold til dette.

Kommunestyret vedtok 11.12.2025 forskrift om gebyr for sakshandsaming og kontroll etter forureiningsregelverket. Forskrifta gir kommunen som forureiningsmynde heimel til oppfølging av forureiningsregelverket som lovpålagte oppgåver. Forskrifta har samanheng med kommunedelplanen når det gjeld oppfølging av nye EU-krav, til dømes reinsing av sanitære avløpsanlegg som påverkar miljøet. Generelt vil forskrifta vere eit verkemiddel for å kunne nå målsettingar om god økologisk og kjemisk tilstand for vassmiljøet jf. vassforskrifta § 4 som skal følgjast opp i planarbeidet. Planprogrammet vert oppdatert på grunnlag av vedtaket av forskrifta.

Planprogrammet er vidare oppdatert med metode for konsekvensutgreiing, og aktuelle tema for konsekvensutgreiing.

Konsekvensutgreiing

Kommunedelplanen utløyser krav om konsekvensutgreiing jf. § 6 a) vedlegg II 11 c) reinseanlegg for spillvatn jf. forskrift om konsekvensutredninger jf. pbl § 4-2 tredje ledd. Grunngevinga er at kommunedelplanen fastset rammar for tiltaket i vedlegg II ¹. Med rammar for tiltaket meinast det at kommunedelplanen som overordna plan legg føringar for seinare regulering av det konkrete tiltaket, eller inneheld retningslinjer som har betydning for slutning om gjennomføring av slike tiltak.

Planprogrammet fastset at konsekvensutgreiinga skal utarbeidast på kommunedelplannivå, og kan omfatte konsekvensutgreiing av alternative plasseringar av tiltaket. Det er vidare fastsett at konsekvensutgreiinga skal utarbeidast etter Miljødirektoratet sin rettleiar for konsekvensutgreiing av klima og miljø. Følgjande tema er relevant for konsekvensutgreiing av alternative plasseringar av tiltaket jf. M-1941: naturmangfald, vassmiljø, kulturmiljø, friluftsliv, landskap, støy, luftforureining, forureina grunn og klimagassutslepp. Konsekvensutgreiinga i planarbeidet er dermed avgrensa til det konkrete tiltaket, og det er vurdert at andre tiltak ikkje utløyser konsekvensutgreiing jf. Forskrift om konsekvensutredninger §§ 6-10 vedlegg I og II.

Generelt må tiltaket følgjast vidare opp på kommune- og reguleringsplannivå, og kommunedelplanen må ta høgde for dette.

Utgreiingsbehov

Administrasjonen vurderar det er det naudsynt å utarbeide følgjande kunnskapsgrunnlag som grunnlag for utarbeiding av kommunedelplanen:

- Kartleggja alle eksisterande anlegg for å avklara vedlikehalds/utskiftings behov.
- Kartleggja behov for utviding av leidningsnett.
- Kartleggja behov for vassforsyning – avløpshandtering i deler av kommunen som ikkje har kommunale anlegg.
- Kartleggja utfordringar med framandvatn grunna klimaendringar.
- Vurdering av vassførekomstane.
- Kartleggja private vassverk og deira forsyningsområde.

I tillegg skal det vurderast om det er behov for oppdatert kunnskapsgrunnlag i samband med ROS-analyse og konsekvensutgreiing for nye tiltak. Hardangerfjorden med side- og delfjordar i Kvinnherad utgjer ein resipient, og det er aktuelt å leggje det pågåande arbeidet med overvaking av Hardangerfjorden grunnlag. Det utgjer eit tre-årig overvåkingsprogram for å styrkje kunnskap om fjordens miljøstilstand i regi av Statsforvaltaren, og Miljødirektoratet har igangsett arbeid med utarbeiding av kunnskapsgrunnlag som skal ferdigstillast i løpet av 2025.

Framdrift

Det er føresett at planen skal slutthandsamast i 2026, med følgjande framdriftsplan:

Første kvartal

- Mars 2026:
Fastsetting av planprogram

Andre kvartal

- Juni 2026:

¹ Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2021) Konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningsloven. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/veileder-om-konsekvensutredning-for-planer-etter-plan-og-bygningsloven/id2864622/> 11.02.2026.

1. gongshandsaming

Tredje kvartal

- Juli-august:
Høyring og offentleg ettersyn (10-veker)
- September 2026:
Merknadshandsaming

Fjerde kvartal

- September-oktober 2026:
Revisjon av planforslaget
- November-desember 2026:
2. gongshandsaming
- Desember 2026:
Kunngjering av vedtak

Økonomisk berekraft:

Planprogrammet fastset at det skal utarbeidast handlingsdel for kommunedelplanen med prioriterte tiltak som resulterer i investeringar og oppdrag i planperioden 2026-2033 som vil ha økonomiske konsekvensar for kommunen. Det reviderte avløpsdirektivet har påverknad på investeringsbehovet. Kommunedelplanen skal vidare omfatte oversikt over gebyrutviklinga.

Miljømessig berekraft

Oppfølging av nye EU-krav som følgjer av det reviderte avløpsdirektivet vil ha positiv verknad for klima og miljø. Konsekvensutgreiing vil dokumentere konsekvensar for av alternative plasseringar for reinseanlegg for spillvatn på overordna plannivå. Vidare er tema som påverknad på klima, resipientar og badeplassar sentrale tema i planarbeidet.

Sosial berekraft:

Kommunedelplanen vil kunne bidra til sosial berekraft gjennom tiltak som forbetrar miljø og folkehelse.

Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid

Gjennom planprosessen er det lagt opp til medverknad for å sikre samarbeid. Ved oppstart av planarbeidet er det mottatt merknader til planprogrammet saman med innspel til planarbeidet. Det er gjennomført informasjonsmøte for planarbeidet samstundes varsel om oppstart med planprogram høyring og offentleg ettersyn. I den vidare planprosessen er det lagt opp til medverknad når planforslaget skal leggjast på høyring og offentleg ettersyn.

Konklusjon:

Etter samla vurdering av opplysningar i saka, vurderingar for og i mot, tilrår kommunedirektøren vedtak av planprogrammet. Planprogrammet fastset rammar for det planarbeidet for kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2026-2033 i samsvar med planstrategi for Kvinnherad kommune 2024-2028.